

MENIGHETS


bladet

03 - 2019



KLEPP

FRØYLAND OG ORSTAD



ORRE

BORE

SOM FAR HAR ELSKA MEG,
HAR EG ELSKA DYKK. VER I
MIN KJÆRLEIK!

JOH 15,9



Organ for Klepp Prestegjeld.
Kjem ut 4 gonger i året.

Redaksjonskomité:

Hans Theis
Elin Anita Garpestad
Ingunn D. Aandal - kontaktperson
Astrid Voll

Layout: Linda Aanestad

Trykk: Olsson as

Forsidebilde: Freeimages.com

Postadresse:

Menighetsbladet
Postboks 101
4358 Kleppe

Telefon: 51 78 95 55

e-post: menighetsbladet@klepp-kirken.no

Bankgiro: 3290.07.02239

Utgivelser i 2019

Nr	Stoff-frist	Utgivelse
4.	22.10	14.11

(Med forbehold
om ledig plass.)

Stoff-fristen må overhaldas!

KONTAKTLISTE KLEPP KYRKJELEGE FELLESRÅD

KLEPP KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Kleppvarden 2, 4352 Kleppe
Postadresse: Postboks 101, 4358 Kleppe
Telefon: 51 78 95 55
Telefaks: 51 78 95 50
e-post: kontor@klepp-kirken.no
e-post Menighetsbladet: menighetsbladet@klepp-kirken.no
Heimeside: www.klepp.kyrkja.no

Kontortider:

Måndag - torsdag: 08.30 - 14.30
Fredag: 08.30 - 12.30
Elles etter avtale

Ansatte:

Namn	Direktenr.	Mobil
Kyrkjeverge, Inger Kari Søyland	51 78 95 60	404 06 014
Diakon, Ingelin Norbakken	51 78 95 56	481 90 318
Sekretær, Ingunn D. Aandal	51 78 95 59	924 19 934
Sekretær, Kari Haavardsholm	51 78 95 55	992 66 752
Sokneprest, Andreas Haarr	51 78 95 52	977 16 339
Prest, Jarle Minnesjord	51 78 95 54	970 66 145
Prest, Leif Inge Norland Brekke	51 78 95 53	413 01 865
Kantor, Ola Sotnakk	51 78 95 58	996 28 182
Dagleg leiar, Klepp, Hilde Norland Djønne	51 78 95 51	481 25 450
Menighetspedagog, Kjersti Olimb Salte	51 78 95 65	478 70 004
Menighetspedagog, Liv Heidi Lie-Bjelland		948 02 264
Trusopplærer, Andrea Bjørkavoll-Bergseth		414 53 395
Kyrkjetenar, Ketil Arne Terning	51 78 95 61	900 35 471
Klokkar Orre, Bjørn Borgen	51 42 86 94	900 19 534

FRØYLAND OG ORSTAD KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Orstadbakken 33, 4355 Kvernaland
Postadresse: Postboks 43, 4356 Kvernaland
Heimeside: www.fok.no

Ansatte:

	Mobil
Driftsleiar, Geir Ådne Vestvik	928 56 689
Dagleg leiar, Marita Teigen Gamlemshaug	938 37 283
Sokneprest, Morgan Fjelde	489 97 108
Ungdomspastor, Elisa Helgøy Malde	454 60 727
Barnepastor, Marta Norbø,	470 79 915
Musikalsk leder / trusopplærer Inger Lende Sandve	918 40 797

BORE KYRKJEKONTOR

Besøksadresse: Bjørkestubben 4

Ansatte:

	Direktenr.	Mobil
Organist, Ove Byberg		926 67 300
Organist, Elin Underhaug Kanu		909 45 278
Dagleg leiar, Elin Anita Garpestad	905 38 480	951 44 099
Sokneprest, Ivan Fjeld	905 38 481	948 69 841
Menighetspedagog, Solfrid V. Skalvik	905 38 482	934 95 349
Forbønstenesta i Bore, Andrine K. Homme	909 76 477	
Trusopplærer, Johannes Voll	905 38 484	478 88 788

#haustforsett2019

Sommaren er på hell, og hausten nærmar seg. Med eit nytt semester kjem forventningar: No skal alt bli så mykje betre, no, etter ferien, skal eg endra vanar. Eg skal stå opp tidlegare så eg får det mindre travelt om morgonen, eg skal trenar litt meir eller endeleg få rydda i garasjen.

På mange måtar er overgangen frå sommar til haust veslebroren til nyttår. Overgangen gjer oss ein moglegheit til å leggja om livet litt. Me skriv ikkje om det på Facebook eller Instagram under emneknaggen #Haustforsett2019, og me pratar ikkje så høgt om det, men dei er der: Forventningane, målsettingane, krava me stiller til oss sjølv. Og alt for ofte blir det ikkje slik me hadde tenkt. Gapet mellom forventningane me hadde og slik verkelegheita vart kan vera vond å kjenna på.

Eg lurar på: Kan me setta forventningane annleis? På ein måte som gjer kvardagen til ein suksess i staden for den vonde kjensla av å igjen og igjen komma til kort? Det kan vere forførande lett å tenka at om me berre sett forventningane lågt unngår me å bli skuffa.

Samstundes risikerer me å gå glipp av mykje viss me aldri vågar å drøyma stort.

Difor vil eg heller slå ein slag for denne oppskrifta:

- 1) Våg å forventa noko stort – men sett også mål undervegs. Delmål gjer at me heile tida har noko å strekka oss mot, samstundes så me får sigrar å feira.
- 2) Fokuser på det du kan gjera noko med sjølv. Det er der du kan gjera ein forskjell og oppnå resultat.
- 3) Fokuser på det positive. Alt for ofte er me meir opptekne av det eine som ikkje lukkast, enn av alt som faktisk blir bra.

Hugs til slutt at uansett om du lukkast eller må prøva på nytt, så er Gud nådens Gud. Han møter deg med tilgiving og heier deg samstundes vidare.

I kvar gudsteneste får me i syndsvedkjeninga lov til å leggja frå oss alle skuffelsar, alt som ikkje vart som me hadde tenkt og alt anna me ber på. Kanskje eit mål i haust kan vera å komma i kyrkja og kjenne at Guds nåde ber deg i både oppturar og nedturar?

Leif Inge Norland Brekke



Ønskjer du nokon å snakka med?



Du er velkomen til å ta kontakt med prest og diakon for samtale.


Diakon Ingelin Norbakken tlf. 51 78 95 56

Sokneprest Andreas Haarr (Klepp): tlf. 51 78 95 51

Sokneprest Ivan Fjeld (Bore): tlf. 905 38 481

Prest Jarle Minnesjord (Orre): tlf. 51 78 95 54

Sokneprest Morgan Fjelde (Frøyland og Orstad): tlf. 489 97 108



I ditt dyrebare navn



av Ola Sotnakk

To små vers med melodi av sjølvaste Edvard Grieg er det som utgjør denne vesle bønnesalmen.

Det var læreren Fredrik Gjertsen frå Mandal som skreiv teksten. Han starta i 1869 sin eigen skule, Gjertsens skole for den høiere almindannelse, i Kristiania, som var ein latin- og realskule.

Skulen tinga så ei skulesongbok, og medan Gjertsen i 1875 skreiv ein tekst til bruk under morgonbøna på skulen, vart Oscar Nielsen si songbok *Udvalgte Sange for «Smaaskolen»* utgjeven, der bønnesalmen til Gjertsen var med, med nyskriven melodi av Edvard Grieg, under tittelen *Morgenbønn* på skolen. Seinare har salmen vore med i ei rekkje skulesongbøker, og har nok vore sunge ved starten av mang ein skuledag i landet opp gjennom tidene. I salmeboka står han på nummer 794.

794 I ditt dyrebare navn

Morgenbøn paa Skolen

1. I dit dyrebare Navn

gaar vi til vor Gjerning, Jesus kjære!
Lad den være dig til Ære,
lad den trives til vort Gavn!

2. Du, som aabned os din Favn,
du, som vore Synder vilde bære,
lad din Lære for os være
Livets Lys til Himlens Havn!

1. I ditt dyrebare navn

går vi til vår gjerning, Jesus kjære!
La den være deg til ære,
la den trives til vårt gavn!

2. Du som åpnet oss din favn,
du som ville våre synder bære,
la din lære for oss være
livets lys til himlens havn!

Minnegudsteneste

ALLEHELGENS SØNDAG

Søndag 3. november kl. 18.00 i Klepp kirke

I gudstjenesten vil navn på avdøde det siste året fra Klepp, Bore, Orre, og Frøyland/Orstad sokn, bli lest opp og det blir tent lys.

Sang og musikk

Prest, diakon, organist med flere musikere deltar.

Velkommen!



Vi går for fellesskap!

Søndag 22.09. 2019

Fargerikt fellesskap, fysisk utfoldelse, og fantastisk mat!

Bli med på en inkluderingsdag der du blir kjent med folk fra mange nasjoner og kulturer!

Det blir lek og turgåing for store og små, teambygging, latter, svette og gospelmusikk.

Tid og sted: Kleppeloen 22.09. kl. 14.00 - 17.00

(Frivillig startkontingent 100 kr/fam på vipps ved start)

Velkommen!

Arr.: KIA – Kristent Interkulturelt Arbeid Rogaland

www.kianorge.no/rogaland



Basar

Jenteforeningen Den Vesle Grein

FOR NMS

Klepp stasjon bedehus
Tirsdag 1.oktober kl. 18.00

Andakt av Andreas Haarr
Sang av foreningsjentene
Åresalg og hovedtrekning

Alle er hjertelig velkommen

Klepp senior- og brukerråd, Klepp pensjonistlag,
Stiftelsen Fredheim og Frivilligsentralen innbyr til feiring av

ELDRES DAG

SUNDAG 29. SEPTEMBER KL 18.00
I FESTSALEN PÅ KLEPP RÅDHUS.

PROGRAM

- FESTTALE VED HEIN STEINSKOG
- TEMA: KVIFOR BLIR VI SLIK VI BLIR?
- INNSLAG FRÅ ELEVAR I KULTURSKULEN
- HELSING VED KOMMUNALSJEF FOR HELSE OG VELFERD
MARIANNE SUND

SMØRBRØD, KAKER OG KAFFI
KR 150 PR PERSON

PÅMELDING INNAN 20. SEPTEMBER PÅ
TELEFON 51 42 98 00 - KLEPP RÅDHUS.


VELKOMMEN!

ARR. KOMITEEN FOR ELDRES DAG.

Torsdagsgudsteneste

**Ein torsdag i månaden er det ei enkel gudsteneste
i Klepp kyrkje kl. 19.30.**

Alle som ønskjer å delta i eit
inkluderande fellesskap er
hjarteleg velkomen!



Datoar for hausten 2019 er:

19.september, 17.oktober, 7.november og 5.desember

Julemesse og basar på Tu skule

Fredag 8. november og laurdag 9. november

Fredag kl. 19.30 Messespeing
Andakt ved Snille Raa
Messesalg, Gresslag og servering

Laurdag kl. 11 Messesalg, Gresslag og kaffe

Laurdag kl. 15.00 Basar
An: Tu barnelidder og Tu forening NMS



Inspirasjonskveld i menighetssalen

Klepp kyrkje torsdag 5. september kl.19.
Eivind Hauglid blir med oss. Mat og kaffe. Møt
godt fram for å være med å planlegge årets
julemesse.

Arr. Julemessekomiteen for Det Norske Misjonsselskap.



Kommunestyre- og Fylkestingsval 2019

Valdagene i Klepp er 8. og 9. september.

På valdagen må alle stemma i den kommunen dei er manntalsførte i. Det er valfritt kva vallokale ein vil bruka.

Opningstider:

Sundag 8. september kl 14.00 - 18.00
Klepp rådhus

Måndag 9. september kl 09.00 – 21.00

Klepp rådhus
Engelsvoll skule
Kåsenhallen
Orre samfunnshus
Bore samfunnshus
Orstad huset

Førehandsstemming i biblioteket på Klepp rådhus

Dersom du ikkje kan møta fram i vallokalet på valdagane 08. og 09. september, kan du stemma på førehand.
Det er valfritt kva kommune ein vil førehandsstemma i.

Frå 19. august til 6. september kl 15.00:

Måndag til torsdag	kl 10.00 - 18.00
Fredag	kl 10.00 - 15.00
Laurdag	kl 10.00 - 14.00

Førehandsstemming på Jærhagen

onsdag 28. august	kl 16.00 - 19.00
torsdag 29. august	kl 16.00 - 19.00
torsdag 05. september	kl 16.00 - 19.00

Heimestemming (ambulerande stemming):

Personar som på grunn av sjukdom eller uførleik ikkje kjem seg til eit vallokale på valdagane 8. eller 9. september, og heller ikkje til eit førehandsstemmelokale, kan søkja om å få stemma heime. Valstyret må ha motteke melding om dette innan 2. sept. 2019. Ring tlf 51 42 98 00 for å avtala tid.

Hugs valkort og legitimasjon når du skal førehandsstemma!

Ane Mari Braut Nese
leiar i Klepp valstyre



Kyrkjevalet 2019

Kyrkjevalet 2019

Di stemme tel i kyrkjevalet

Er du ein av dei 3,7 millionane som er medlem i Den norske kyrkja? Då er stemma di viktig i Kyrkjevalet! Når du stemmer, gir du ein tomme opp til den lokale kyrkjelyden din, og du er med på å bestemme kven som skal leie den framover. Korleis hadde lokalsamfunnet vårt sett ut utan kyrkja? Korleis ville landet vårt vore utan ei folkekyrkje? Kyrkja er til stades over alt i Noreg. Den tek del i kvardagsliva våre og ved større og mindre hendingar i livet. I sorga og festen, i trøysta, songen, leiken og gleda. Kyrkja er open for alle, frå vogge til grav. Kyrkja har rom for deg!

Korleis vil du at kyrkja skal vere? Ved Kyrkjevalet 8.-9. september har du høve til å påverke: På same tid som det er val til og kommunestyre og fylkesting og i eit vallokale like ved, kan du også stemme fram kven som skal leie kyrkja på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Du kan også stemme på førehand frå 10. august til 6. september, på Klepp kyrkjekontor, Kleppevarden 2.

Man-tor: 9.00 -14.00

Fre: 9.00 -12.30

Onsdag 28.august: 18.00 -20.00

Torsdag 5.sept.: 18.00 -20.00

To val

Kyrkjevalet er to val: Du kan stemme på kandidat til soknerådet og til bispedømeråd og Kyrkjemøtet. Til soknerådsvalet i Klepp, Bore, Orre og Frøyland og Orstad sokna har ein gjeng flotte medlemmer sagt ja til å vere kandidat til sokneråda og leie kyrkjelydane dei fire neste åra. Dette er eit fleirtalsval, der du har høve til å gje inntil tre kandidat ei ekstrastemme. Kandidatane med flest stemmer blir med i rådet.

Ved val til bispedømeråd og Kyrkjemøtet i Stavanger bispedøme stiller Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Open folkekyrkje lister. Dette er eit forholdstalsval, der den endelege samansetjinga av rådet speglar både kor mange stemmer som gjekk til kvar enkelt liste og til kvar kandidat. Veljarane kan gje ekstra stemme til tre kandidat og i tillegg flytta over inntil tre namn frå andre lister til den lista dei stemmer på.

Kvart av dei elleve bispedøma i landet vårt har eit bispedømeråd. Rådet tilset blant anna prestar og leier bispedømet saman med biskopen. Medlemene av bispedømerådet er også medlemmer av Kyrkjemøtet, det øvste representative organet i Den norske kyrkje.

Frå juss til gudsteneste

Arbeidet til soknerådet og bispedømerådet spenner over mange tema. Det kan vere barne- og ungdomsarbeid, juss og økonomiforvaltning, tilsetjingar, gudstenester, miljø og rettferd, omsorg, musikk og misjon. Råda skal sørgje for vekst og næring til kyrkja og lokalsamfunnet der du bur. Fyrste veka i august får alle medlemene i Den norske kyrkja eit valkort og ein brosjyre om valet. Følg med i postkassa, møte opp og stem!

Les meir om kandidatane til begge vala her i bladet eller på www.kyrkjevalet.no

Godt val!



Di stemme er med på å bevare Den norske kyrkja som den største demokratiske medlemsorganisasjonen i landet.

Foto: Kyrkjerådet

Visste du at

- Ved kyrkjevalet i 2015 stemde 520 323 kyrkjemedlemmer. Det var ei rekordteltaking på 16,7 prosent.
- Ca. 3,1 millionar nordmenn har rett til å stemme ved Kyrkjevalet 8.-9. september.
- Du må vera døypt for å vera medlem i Den norske kyrkja.
- Ungdom har stemmerett i Kyrkjevalet frå året dei fyller 15.
- Eit sokneråd har 4-10 medlemmer, i tillegg til soknepresten. Medlemene har ulike utdannings- og yrkesbakgrunn og mange er også aktive på andre arenaer i lokalsamfunnet.
- Til saman skal 7.000 rådsmedlemmer blir stemde inn i Kyrkjevalet 2019.

Presentasjon av kandidatar til soknerådsvalet i Klepp sokn



Namn: Magnus Friestad Bjørkavoll-Bergseth
Yrke: Fastlege, stipendiat **Alder:** 35
Adresse: Klepp stasjon
Relevante erfaringar: Soknerådsmedlem 2015-2017
 Leiar Klepp sokneråd 2017-2019
 Representant Klepp kyrkjelege fellesråd 2015-2019
Satsingsområde: Barne og familiarbeid.
 Gudstenesteliv på tvers av generasjonar. Ny kyrkje.
 Auke frivillig kyrkjelydsarbeid



Namn: Tor Henrik Nesse
Yrke: Tømrar **Alder:** 28
Adresse: Kleppe
Relevante erfaringar: Konfirmantleiar
 Klepp sokneråde 2015-2019
 Gudstenesteutvalg
Satsingsområde: Gudstenester. Ny kyrkje.
 Arbeide med unge vaksne.



Namn: Ivar Slettebø
Yrke: Kemner **Alder:** 58 **Adresse:** Kleppe
Relevante erfaringar: Klepp sokneråd – nestleiar
 2011-2019
 Klepp kyrkjelege fellesråd – leiar – 2011-2019
 Plankomite for ny kyrkje
 Styremedlem Klepp Normisjon
Satsingsområde: Ny kyrkje i Klepp.
 Prioritere tilbud til småbarnsfamilier.
 Videre utvikle gudstjenestene.



Namn: Tove Rudi Tobiassen
Yrke: Daglig leder, Agape Norge AS **Alder:** 53
Adresse: Kleppe
Relevante erfaringar: Varamedlem/medlem Klepp
 sokneråd 2015-2019
 Madlamark kirke, ungdomsarbeid, misjonsprosjekt
 Thailand- Kirkens bymisjon Albertine
 Agape hjelpeprosjekt Thailand
Satsingsområde: Bønn / Forbønn, ny kirke, sang,
 musikk og kultur, ungdomsarbeid.



Namn: Inger Christine Roth Jacobsen
Yrke: Helseyskepleier **Alder:** 47
Adresse: Klepp stasjon
Relevante erfaringar: Klepp sokneråd 2015-2019
 Forsangergruppe Klepp kyrkje Ca siden 2016
 Leder i KFUK KFUM speider (Frøyland / Orstad) – ulike
 roller, blant annet kursholder, vissekretsleder, stab på kurs
 siden 2011.
Satsingsområde: Bygging av ny kirke i Klepp sentrum.
 Spennende og viktig grunnlag for hvordan kirken kan dri-
 ves vidare. Samhold i prosessen.
 En syvdagerskirke. Det er ikke bare på søndagsgudstje-
 nesten folk møtes i fellesskap. Babysang, Familiarbeid,
 alternativ gudstjeneste mm.



Namn: Maria Friestad Bergseth Sikkeland
Yrke: Førskolelærer **Alder:** 41
Adresse: Klepp stasjon
Relevante erfaringar:
 Medlem i Klepp Sokneråd 2011-2019
 Leder i Klepp Sokneråd 2013-2017
 Medlem i Klepp Kyrkjelige fellesråd 2015-2017
 Medlem i forhandlingsutvalget for ny Kyrkje
 2016-2017
 Søndagsskoleleder 2013-2017
Satsingsområde: Godt og inkluderende fellesskap
 for alle generasjonar. Ny kirke i sentrum.
 Trosopplæring. Jobbe for godt samarbeid mellom
 kirka og andre lag, organisasjonar og forsamlingar
 i Klepp.

Inntil ny kirke kommer – gjøre det beste ut av lokalene vi
 kan, møte folk der de er. Se behov, være aktuell og ekte.
 Også bruke lokalet på Klepp stasjon.

Flere husfellesskap og andre fellesskap knyttet til menig-
 heten . Jeg brenner for en kirke med plass for alle, at det
 skal være fellesskap og lav terskel, høy takhøyde

Utvikling av gudstjenestene, forsangergruppen, søndag-
 skolearbeid for de litt eldre barna.



Namn: Gunnhild Olsen Sandvik
Yrke: Pedagogisk leiar **Alder:** 28
Adresse: Kleppe
Satsingsområde: Lovsang, song og musikk.
 Barnearbeid i kyrkja.
 Livsnært fellesskap.

Presentasjon av kandidatar til soknerådsvalet i Klepp sokn



Namn: Kjartan Fosse
Yrke: Forretningsutvikler **Alder:** 29 **Adresse:** Kleppe
Relevante erfaringar: Styremedlem, Filadelfia Bibelskole (Oslo). Lederteam for ungdomsarbeidet, Filadelfiakirken (Oslo).
Satsingsområde: Barnefamilier – fokus på at det skal tilrettelegges for barnefamilier i kirka.
 Unge voksne – Vi må ha et tilbud som gjør at unge voksne velger å gå, engasjere seg i, og utvikle menighet og tro.
 Personlig tro og erfaring – mer fokus på hva Gud betyr i hverdagslivet for inspirasjon og deling av personlige historier.



Namn: Astrid Fylling Hodne
Yrke: Bibliotekar **Alder:** 52 **Adresse:** Kleppe
Relevante erfaringar: Byggekllossen 2006-2014
Satsingsområde: Gudstjenesten. Eg ynskjer at sundagens gudstjeneste skal vera ein plass der ein kan koma for å få påfyll til kvardagen, og at flest mulig kan få kjenna at dei høyrer til der.
 Ny kyrkje. Eg er svært glad i den gamle kyrkja vår, men nå treng me ei ny som er meir tilpassa dagens behov.
 Gler meg over at me skal få ny kyrkje i sentrum.



Namn: Aina Mauritzen
Yrke: Erfaringskonsulent **Alder:** 32
Adresse: Kleppe
Relevante erfaringar: Barneleder i Kraftgjengen 2004-2019. Hovedleder i Kraftgjengen 2016-2019.
 Medlem i styringsgruppa til Klepp stasjon kyrkjelyd 2016-2019.
Satsingsområde: Mitt ønske er at Klepp kyrkjelyd skal være en raus og inkluderende menighet, der alle blir sett og kan føle seg hjemme og ivaretatt.



Namn: Ståle Ravndal
Yrke: Pensjonist **Alder:** 71 **Adresse:** Kleppe
Relevante erfaringar: Medlem av Den norske frimurerorden. Gjennom alle disse åra ulike tillitsverv i fleire loger i Stavanger Frimurerloger (som medlem i DNFO må ein bl.a. bekjenne seg til den kristne tru for å kunna bli oppteken)
Satsingsområde: Det bør være unnabakke for å kunne delta i gudstjenester i kyrkja. Eller andre større og mindre aktiviteter i kyrkjerommet. Me har det så godt her i kommunen/fylket/landet og har mykje å takka, derfor bør deltakelse på søndagsgudstjeneste skje ofte.
 Ei ny kyrkje vil være det rette for Klepp kommune nå. Ei kyrkje som er så unik med fleire kvaliteter at det er verd å besøka. Få sett i sene ei egen Klepp messe. Den kan gjentas fleire gongar (dager etter kvarandre) alt etter oppmerksomhet og interesse. La kyrkjerommet være åpent for alle som vil avlegga det eit besøk, eller som har eit spesielt behov akkurat denne dagen.



Namn: Kjetil Husveg
Yrke: Montør Hatteland elektriske **Alder:** 29
Adresse: Kleppe
Satsingsområde: Eg ynskjer ei kyrkje med eit inkluderande felleskap, der alle aldersgrupper føler seg heime.



Namn: Grete Karin Fiksdal
Yrke: Pensjonist/ deltid veileder Stavanger bispedømme **Alder:** 74 **Adresse:** Kleppe
Relevante erfaringar: Stavanger Bispedømmes diakoniutvalg, medlem Stavanger Bispedømmeråd, medlem Stiftelsen Utstein Pilegrimsgard, styreleder Fagråd for veiledning i den norske kirke (Diakonforbundet). Stiftelsen Utstein Pilegrimsgard, styremedlem
Satsingsområde: Stillhetsarbeid - rom for hvile, f. ordypning og bønn, også i menighetsarbeidet Menighetens misjonsprosjekt.
 Menigheten og gudstjenestelivet som diakonalt fellesskap, for alle aldersgrupper.
 Omsorg for tilsatte og frivillige medarbeidere.

Presentasjon av kandidatar til soknerådsvalet i Bore sokn




Namn: Nicolai Homme
Yrke: Sjølvstendig næringsdrivande **Alder:** 66
Adresse: Høgaleitet
Relevante erfaringar: Leiar i Bore sokneråd 2005-2019
Medlem av Klepp kyrkjelege fellesråd 2005-2011
Satsingsområde: Eg vil arbeida for at alle som kjem til Bore kyrkje skal kjenna seg sett, famna og utfordra, og at det skal vera godt å koma i kyrkja. Eg vil arbeida for at me framleis kan vera ein menighet av minst 3 generasjonar - der alle kjenner seg heime. Eg vil arbeida for at me kan samarbeida godt med dei andre forsamlingane i Bore. Eg vil arbeidar for at me kan får ei større kyrkjestove - det er så trøgt nå, ikkje minst til barn- og ungdomsarbeidet. Eg er open for forandringar som kan tene og vera til gagn for kyrkjelyden.



Namn: Elisabet Haarr
Yrke: Utdanna sosionom (for tida i permisjon)
Alder: 33 **Adresse:** Høgaleitet
Relevante erfaringar: Engasjert i kyrkjeleg arbeid frå eg gjekk på ungdomsskulen, slik som ungdomsarbeid, bibelgrupper, bønnearbeid. Pr. i dag er eg medvert i Bore kyrkje. Har vore med i Ungdom i Oppdrag, Skien frå 2006-2009
Satsingsområde: Eg ønskjer at alle som kjem til kyrkja skal få eit glimt av Jesus og kjenna at her er det godt å vera. Ei raus og inkluderande kyrkje. Menigheten må utrusta disiplar som forkynner Jesus i ord og handling. Engasjement utføre kyrkja, både lokalt og globalt. Raus og inkluderande kyrkje. Kloge hovud og bankande hjarte.



Namn: Torunn Renate Bore
Yrke: Bonde **Alder:** 42 **Adresse:** Nordsjøvegen
Relevante erfaringar:
Medlem i Bore sokneråd 2005-2009
Med i Søndagsskulen og Familiiegudstenester frå 2005
Satsingsområde: Ei kyrkje for alle. Alle generasjonars Gud. Ein kyrkjelyd der me kan koma som me er. Kor me vågar å vera ærlege både overfor Gud og menneske. Rik og varierende forkynning om "annerledes" kongen, Jesus. Han som blei vår tenarkonge og ga oss nåden, heilt ufortent. Arbeida for at alle blir med som frivillige i kyrkjelyden. Ønskjer ein aktiv kyrkjelyd for alle generasjonane.



Namn: Else Berit Steinnes
Yrke: Pensjonist **Alder:** 72 **Adresse:** Sivvegen
Relevante erfaringar: Medlem i Bjerkreim diakoniutval i ein 4-års periode på 2000-talet. Medlem i områdeutvalet i Dalane område av NMS då eg budde i Bjerkreim. Medlem av bedehusstyret i Bjerkreim
Satsingsområde: Diakoni. Fortsett variasjon i gudsteneste. Trusoppløring.



Namn: Jens Kåre Stokka
Yrke: Bonde **Alder:** 45 **Adresse:** Nordsjøvegen
Relevante erfaringar: Huspastor i huskyrkje tilknytta Bedehuskirken 2005-2007
Soknerådsmedlem i Bore sokn 2011-2019
Leiar for husfelleskapsgruppe i Bore kyrkje 2017-
Satsingsområde: Nå ut til alle med evangeliet. Bevisstgjerjing på at me er Jesu disiplar og opplæring i kva det vil seia å vera Jesu disippel. Meir lovsong og meir fridom i lovsongen. Gje alle tilbod om å vera med i husfelleskap. Leggja til rette for meir bruk av Ivan sine talegaver.




Namn: Dan- Egil Skrikud
Yrke: Driftsteknikkar **Alder:** 45 **Adresse:** Sollia
Relevante erfaringar: Lydansvarleg for Håp, Bore barnekor og kyrkja. Speidarleiar, Sikringsansvarleg. Jærgårds Festival. Fosterfar.
Satsingsområde: God lyd i kyrkja. Arbeid for barn og unge.

Presentasjon av kandidatar til soknerådsvalet i Bore sokn



Namn: Marita Finstad
Yrke: Aut. rekneskapsfører **Alder:** 28
Adresse: Harevegen
Relevante erfaringar: Styremedlem Nærbø Kristeleg Ungdomslag 2008-2010.
Jobba med kyrkjerekneskap 2014-2018.
Søndagsskule, ungdomslag, bibelgrupper, huskyrkjer osv. – heile livet, både som deltakar og leiar.
Satsingsområde: Kyrkje for alle generasjonar, vi kan alle lære av kvarandre. Barne- og ungdomsarbeid, dei unge er framtida. Forkynning av heile bibelen, nattverd, bønn og fellesskap.



Namn: Espen Haavardsholm
Yrke: Innkjøpsrådgjevar UiS **Alder:** 46
Adresse: Timoteivegen
Relevante erfaringar: Styremedlem og sekretær i Bjønnes legat. Leiar av arbeidsgruppa for etisk handel ved UiS.
Satsingsområde: Det kristne fellesskapet i Bore menighet Familien og sonen min.



Namn: Jonas Meling Berge
Yrke: Tømrar
Relevante erfaringar:
Satsingsområde: Ha ei open og inkluderande kyrkje for alle i lokalsamfunnet. Betre tilbod til ungdom og unge vaksne. Trusopplæring og søndagsskulen.



Namn: Elisabeth Kvamsøe Jærsensen
Yrke: Faglærer i Kunst og håndverk/spes.ped. koordinator
Alder: 49 **Adresse:** Tunrappvegen
Relevante erfaringar: Menighetens ungdomsråd Sandnes 1986-1988. Lura menighetsråd 1990-1992
Satsingsområde: Trusopplæring for barn og ungdom. Mangfaldet i gudstenestene og i kyrkjelivet.



Namn: Torill Steinvoll Bøen
Yrke: Pensjonist **Alder:** 66 **Adresse:** Ole I.Bores veg
Relevante erfaringar: Medlem i diakoniutvalet 2012-2018
Styremedlem i Jæren Industripartner 2019-
Satsingsområde: Fortsetja og utvikla det gode trusopplæringsarbeidet. Arbeida for gode rutinar for å fanga opp og sjå nye som kjem til menigheten. Arbeida for at vi fortsatt skal ha ein god og inkluderande menighet for alle som ønskjer å delta.

*Valdagane i Klepp
kommune er 8. og 9.
september.*

Presentasjon av kandidatar til soknerådsvalet i Frøyland Orstad sokn

Spørsmåla:

1. Kvifor stiller du som kandidat til soknerådsvalet?
2. Kva meiner du er viktige verdiar menigheten skal formidla i lokalsamfunnet vårt?
3. Og kordan: Nemn tre til fem hjertesaker som du vil prioritera i soknerådet?



Renate Hellang Kleppa
29 år
Frøyland

1. Det er flere grunner til at jeg stiller som kandidat. En grunn er jeg både gjennom menighetens kallsopplæring og bønn har fått bekreftet at dette er noe jeg blir ledet mot og til. En annen grunn er at jeg kjenner at administrativt arbeid er kjekt. Jeg liker å planlegge, koordinere og legge tilrette. Dette har jeg allerede gjort i andre deler av menigheten, bl.a. i diakonigruppen Livspust og Godhetsaksjonen. Menigheten har en flott visjon: «Vi vil sjå menneske komma til tru på Jesus og bli frimodige etterfølgjarar». For å kunne jobbe med dette i bygda vår trenger vi en menighet som er utadrettet, som er inviterende og tilgjengelig for alle. Vi trenger å vise en Gud som er nær oss, i alle faser av livet. Fra vi som små barn bæres til dåpen og til vi sitter i omsorgsbolig og ikke har mulighet til å reise til kirken for nattverd. Jeg mener vi trenger en kirke med en aktiv trosopplæring rettet mot barn og unge og som fronter gode og varme relasjoner.

3. Diakoni, omsorg for alle i alle livssituasjoner. Gudstjenester med rom for alle. Trosopplæring og -påfylling.



Peter Reilstad
27 år
Frøyland

1. Frøyland og Orstad er en menighet som har hatt stor betydning for min tro. Her har jeg fått erfare viktigheten av å ha et engasjert fellesskap som oppmuntrer og utfordrer. Jeg ønsker å engasjere meg mer i dette arbeidet, og jobbe for at menigheten skal være et viktig samlingspunkt i bygda.

2. Åpenhet. Jeg ønsker et fellesskap som møter folk med et åpent sinn. Ærlighet. Jeg ønsker et fellesskap hvor man kan snakke ærlig om hverdagen, livet og temaer som engasjerer. Omsorg. Jeg ønsker et fellesskap som er villig til å gi det lille ekstra som kreves for å vise at man virkelig bryr seg.

3. At menigheten skal ha et attraktivt barnearbeid som barna kan omtale med iver og glede. At menigheten skal ha møteplasser hvor ungdom kan komme og utvikle sin tro og sine interesser i trygge rammer. At menigheten skal drive et arbeid som alle medlemmene kan kjenne et eierskap til.



Bjørg Mikalsen
28 år
Orstad

1. Jeg ønsker å kunne bety en forskjell i min lokale kirke. Det er gøy å engasjere seg slik at man kan bli med å forme uttrykket til kirken.

2. Jeg ønsker at kirken skal være et samlende sted for bygda vår. Jeg ønsker at mennesker skal kunne komme inn, senke skuldrene å føle seg sett og elsket. I tillegg ønsker jeg at vi skal være en åpen og raus kirke som tør å tenke annerledes.

3. Jeg syns det er viktig at folk i alle generasjoner skal føle seg velkomne i kirken og mener derfor det er viktig å legge rette for gode overganger mellom de ulike aldersbestemte tilbudene. Jeg syns også det er viktig at det er en lav terskel for at folk i bygda kommer til kirken. Jeg håper også at vi gjennom kirken og soknerådet kan være med å spre godhet og et godt rykte for kirken på Frøyland og Orstad.



Tor Arne Laland
43 år
Frøyland

1. Eg vart utfordra til å stille. Syntes det var spanande å vere med sist (2011-2015). Soknerådet gir ein god anledning til å bidra og følge arbeidet i menigheten enda tettare.

2. Nåde – grace – gratis Fellesskap. Misjon – dele!

3. Arbeide for gudstenestefellesskap med og for alle generasjonar. Arbeide for barn og unge – at dei kan ha gode møteplassar med kvarandre og gode vaksne, der dei møter Jesus og blir kjent med bodskapen i Bibelen - verdas beste og mest leste bok. Arbeide for at me kan gje meir av det me har til andre.

Presentasjon av kandidatar til soknerådsvalet i Frøyland Orstad sokn



Helen Hetland Mori
36 år
Frøyland

1. Fordi eg er glad i Jesus, bygda mi og lokalkyrkja, og eg likar å vera med.
2. Det er generelt eit stort individfokus rundt oss, og eg trur Jesus har noko å læra meg om at menneske ikkje er meint å klara seg åleine, verken åndeleg eller menneskeleg, og at det er viktig med sunne og ærlege relasjonar til dei me omgås. Derfor er viktige verdiar i lokalsamfunnet det å vera ærleg og å visa nestekjærleik og tilgivelse.
3. Fokus på barn og unge, familie- og parforhold, samarbeid mellom kyrkjelyder og ulike organisasjonar, å ha låg terskel for å prøva noko nytt, at fleire skal erfara at Jesus snakkar sant om seg sjølv.



Bjørg Nese
51 år
Orstad

1. Kjekt å følge med på hva som skjer, kjekt å få påvirke, kjekt å få bidra.
2. Den viktigste menigheten kan formidle, er Guds lengsel - til hver og en i bygda. Alle er skapt av Gud, alle er like mye verdt, og alle er like inderlig elsket av Gud. Han lengter etter fellesskap med oss. Vi ønsker at man i kirka, gjennom Guds ord som formidles og gjennom lovsang og tilbedelse, skal kjenne Guds nærvær. Vi ønsker at folk i alle aldre skal kjenne seg velkomne og være en viktig del av fellesskapet.
3. Se hverandre - viktigheten av å se og bli sett. Ungdomsarbeid - der særlig ungdomsskoleelever i bygda skal finne sin plass i kirka. Bønn - bønn for bygda - at det vekkes økt bønne-engasjement. Fellesskap som gir åndelig drivkraft - og som inspirerer til alenetid med Gud så det skapes frimodighet i oss. Spre godhet - lokalt i bygda - til andre land.



Marie Klakegg Grastveit
34 år
Frøyland

1. Frøyland og Orstad kyrkjelyd er en viktig del av hverdagslivet for meg og familien. Jeg deler drømmene og visjonen til menigheten, og nå håper jeg å kunne bidra i soknerådet og tror min erfaringen fra åtte år i Stavanger bispedømmeråd vil være nyttig.
2. Jeg mener menigheten må ha som mål å utgjøre en forskjell for hver enkelt innbygger i bygda vår. Vi skal stå opp for menneskeverdet, bidra til at det er godt å vokse opp her, være et godt møtested for mennesker i alle generasjoner, med anledning til å bli kjent med Jesus og å tro på Han.
3. Å drive et inkluderende og godt barne- og ungdomsarbeid som har positiv innvirkning på det sosiale oppvekstmiljøet i bygda, på tvers av skole- og kommunegrensene. Jeg drømmer om at flere skal være med i huskirker og celledrupper i menigheten. Sørge for sunn drift av menigheten gjennom å arbeide i gode strukturer, ta vare på og dra nytte av frivillige og lønnede medarbeidere, givertjeneste både lokalt og til arbeidet menigheten støtter i Ukraina. Anledning til å drive arbeidet i menigheten med lokalt særpreg, spesielt gudstjenestene våre.



Jon Lende
61 år
Frøyland

1. Eg har med stor glede vore med i soknerådet nokre år. Eg er glad i Frøyland og Orstad kyrkjelyd, vi betyr mykje for mange i bygda vår. Eg vil vere med å oppmuntre og inspirere alle dei som er med i teneste i kyrkjelyden slik at endå fleire vil bli med.
2. At alle menneske, også dei vi er usamde med, har ein unik verdi. Vi er skapte i Guds bilete og er elska av Gud utan vilkår.
3. Vi må leggja til rette for og oppmuntre til at alle vakse, unge og barn må få ta i bruk alle talentane Gud har gitt dei slik at kyrkjelyden kan veksa og fleire dele trua med frimod. Bibel- og trusopplæring til barn og unge. Vi må vere oppfinnsame i å gjera det gode (diakoni).



Solveig Haukås Haaland
33 år
Frøyland

1. Eg vil gjera ein innsats for kyrkja vår og syns det hadde vore spennande å få vera med og påverka kor vegen vidare skal gå.
2. At me ser kvarandre, inkluderar kvarandre og erause med kvarandre.
3. Eg ønskjer at kyrkja skal vera ein trygg og god stad der folk i alle aldrar følar seg sett, møtt og velkomne. At kyrkja kan vera ein naturleg del av livet og kvardagen til heile bygda, ved at mange er innom på ulike aktivitetar og arrangement. Eg trur det er viktig å oppretthalda og videreutvikla det gode barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja, og at dette bidreg til å gjera området til ein trygg stad å veksa opp.

Presentasjon av kandidatar til soknerådsvalet i Orre sokn



Namn: Karen Borgen
Yrke: Sjølvstendig næringsdrivande
Alder: 62
Adresse: Åsevegen 170, 4343 Orre

Relevante erfaringar:
Soknerådsmedlem i fleire periodar
Satsingsområde: Gudstenesta og trusopplæringa



Namn: Jenny Dahlen Wiig
Yrke: Butikkmedarbeider
Alder: 60
Adresse: Vikveien 101, 4343 Orre

Relevante erfaringar:
Tidligere soknerådsmedlem
Satsingsområde:



Namn: Johannes Lokøy
Yrke: Bussjåfør
Alder: 63
Adresse: Heidamarka 35, 4343 Orre

Relevante erfaringar:
- Norges Røde Kors- leder av nasjonalt ambulanseutvalg frå 1989 -2001
- Rogaland Røde Kors – ledere av kontrollutvalg fra 2015-2017.
- Røde Kors- Mange styre og lederroller på lokalt og distriktplan fra 1976 til 2017.
- Orre samfunnshus – leder i to perioder.
Satsingsområde:
- Å bidra til en aktiv kirkelyd og et aktivt sokneråd på Orre.
- Å bidra til at kirken er en god og naturlig plass å være uavhengig av bakgrunn og tankesett. En kirke som er tilstede i dagens verden og som er åpen for dem som er annerledes og tenker nytt.



Namn: Sigrun Ramsli
Yrke: Alder: 62
Adresse: Heidamarka 35, 4343 Orre

Relevante erfaringar:
Satsingsområde:



- et sted for frihet og forandring

TRENGER DU NOEN Å SNAKKE MED?

Samtaler kan avtales på
tlf: **467 46 670**
eller e-post:
fermaterogaland@badeog.net

Et samarbeid mellom
Bethaniasstiftelsen, Diakonova
og Normisjon.

Besøksadresse:
Fermate Rogaland, Oalsgt. 2,
4319 Sandnes

VI TRENGER FRIVILLIGE

-Å være en for andre gir livet mening.

Vi starter kurs i Stavanger 16. oktober kl 18.00.

Kontakt Kirkens SOS i Rogaland:

Epost: rogaland@kirkens-sos.no eller tlf: 97170995.



Godt å vite om valet

Kven kan stemme?

Medlemmer av Den norske kyrkja har stemmerett frå det året dei fyller 15 år. Du må vere døypt for å vere medlem i Den norske kyrkja. Nesten 3,1 millionar menneske har stemmerett ved Kyrkjevalet i 2019.

Når og kvar er det val?

Kyrkjevalet blir halde 8. og 9. september 2019, samtidig med kommunestyre-/ fylkestingsvalet. Kyrkjevalet finn stad i eit lokale nær det offentlege valet. Du kan også stemme på førehand frå 10. august. Alle med stemmerett får i august eit valkort i posten med informasjon om kvar og når dei kan stemme.

Kven kan du stemme på?

Du stemmer på kandidatar til soknerådet og til bispedømmerådet/Kyrkjemøtet. Kandidatane blir valde for ein periode på fire år. Ved val til sokneråd er det dei fleste stader berre ei valliste. I valet til nytt bispedømmeråd er det i Stavanger bispedømme tre lister å velje mellom.

Kva gjer Kyrkjemøtet?

Kyrkjemøtet er «kyrkja sitt storting», og det øvste organet i Den norske kyrkja. Her blir alle bispedømmeråd samla i ei veke kvart år. Kyrkjemøtet bestemmer ordningar og liturgiar, og i den komande perioden vil det bli viktige saker om kyrkja si organisering.

Kva gjer bispedømmerådet?

Bispedømmerådet er det regionale styringsorganet i kyrkja. Rådet tilset prestar og er arbeidsgjevar for desse og enkelte andre. Det arbeider for samordning av det kyrkjelege arbeidet i dei mange kyrkjelydane i bispedømmet. Medlemmene i bispedømmeråda utgjer samla Kyrkjemøtet.

Kva gjer soknerådet?

Arbeidet til soknerådet spenner over mange tema. Det kan vere barne- og ungdomsarbeid, juss og økonomiforvaltning, tilsetjingar, gudstenester, miljø og rettferd, omsorg, musikk og misjon. Råda skal sørgje for vekst og næring til kyrkja og lokalsamfunnet der du bur. Sjå kven som stiller til val i sokneråda på www.kyrkjevalet.no

Slik går du fram når du skal stemme

Kyrkjevalet har to val: Det eine er val til sokneråd og det andre er val til bispedømmerådet/Kyrkjemøtet.

I alle vallokala skal det vere ein stad der du i einarom og usett kan velje dei stemmesetlane du vil ha, og gjere endringar. Dette kan til dømes vere eit valavlukke eller eit eige rom.

- 1 Vel stemmesetlane du vil bruke, éin per val. Du kan stemme ved eitt val eller begge vala.
- 2 Gjer eventuelle endringar på stemmesetlane.
- 3 Brett stemmesetlane så ingen kan sjå kva du har stemt.

- 4 Du må vise legitimasjon. Valfunksjonæren kryssar deg av i manntalet og stemplar stemmesetlane.
NB! Stemmesetlane må ha stempel for å bli godkjende.
- 5 Legg stemmesetlane i valurna.



DEN NORSKE KYRKJA

Stavanger bispedømme



Frå Rennesøy

Kyrkja treng gode leiarar – kven vil du gje di stemme?

I september avgjer medlemmene i kyrkja kven som skal sitja i bispedømmerådet og Kyrkjemøtet i perioden 2019-2023.



Kandidatar frå Bønnelista, Nominasjonskomiteens liste og Open Folkekyrkje si liste til bispedømmerådsvalet.

Meir utdjupande informasjon finn du på www.kyrkja.no/stavanger eller www.kyrkjevalet.no. Informasjon om kva kandidatane og listene står for, presenterer dei sjølve på eigne nettsider.

Kyrkjevalet
8.-9. sep. 2019

I Stavanger bispedømme er det tre lister ved bispedømmerådsvalet.

Listene er presentert alfabetisk. Kandidatane på kvar liste er presentert i prioritert rekkefølge.

Bønnelista

Bønnelista vil føre vidare den bibelske trua og tradisjonen som Den norske kyrkja har vore tufta på sidan reforma-sjonen.

Alle avgjerdene i kyrkja må vere i tråd med Bibel og vedkjenning – kyrkja sitt grunnlag. Den norske kyrkja skal vere ein del av Guds synlege kyrkje på jorda.

Me ynskjer ei fornya kyrkje med medlemmer som har Jesus som Herre, og som søker Gud i bøn og tilbeding.

Me ynskjer ei leiing som er leia av Guds Heilage Ande, og som oppmodar alle til å tene Gud på forskjellige vis.

Me ynskjer sjølvstyre i dei lokale sokna, kor medlemmene i sokneråda blir kursa i kva det vil seie å vere ein disippel, drive kyrkjelydsplanting og bygge kyrkjelyd.

www.bonnelista.no




Magne Hersvik
f. 1954, Stavanger
Dagleg leiar




Birgit Johanne Skåland
f. 1947, Moi
Pensjonist



Olav Magnus Lundø
f. 1955, Hauge i Dalane
Bedriftssjukepleiar



Simon Pettersen
f. 2001, Lye
Student




Helen Eskeland
f. 1974, Stavanger
Gardbrukar




Karim Hamed Saffaran
f. 1978, Sandnes
Sivilingeniør




Beint Hansen
f. 1945, Hauge i Dalane
Forkynner



Gerd Håland
f. 1965, Figgjo
Frivillig



Kristoffer Nåden Havn
f. 1997, Tau
Frilansar



Berit Erfjord
f. 1941, Moi
Pensjonist

Nominasjonskomiteens liste

Det er ein nominasjonskomité som har sett opp lista. Nominasjonskomiteen er valt av representantar frå sokneråda, med eit medlem frå kvart prosti, samt ein ungdomsrepresentant vald av Ungdomsrådet i bispedømmet.

Lista er utarbeidd på bakgrunn av forslag frå dei lokale sokna i bispedømmet og frå medlemmene i nominasjonskomiteen. Nominasjonskomiteen har lagt vekt på at lista skal vere representativ når det gjeld geografi, kjønn og alder.


Det er vidare lagt vekt på å oppnå ei breidde i kandidatane sine syn på aktuelle kyrkjelege spørsmål. Dei enkelte kandidatane presenterer sjølvle sakene dei vil engasjere seg spesielt for.

Ei felles sak for alle kandidatar på nominasjonskomiteen si liste er arbeid for den lokale kyrkja sitt beste.

www.nominasjonslisten.no




Jostein Ådna
f. 1955, Stavanger
Professor




Therese Egebakken
f. 1998, Hafrsfjord
Student



Arne Jon Myskja
f. 1952, Nedstrand
Prosjektdirektør



Torhild Nødland
f. 1962, Sandnes
Adjunkt




Aksel Johan Lund
f. 1995, Åkrehamn
Student



Liv Heidrun S. Heskestad
f. 1951, Lye
Pensjonist



Per Arne Sandvold
f. 1949, Egersund
Pensjonist



Turid Eikeland Tjora
f. 1964, Sola
Direktør



Anna Jorunn Garvik
f. 1945, Sauda
Pensjonist



Kjell Bårdsen
f. 1956, Håvik
Rådgjevar



Dorrit Vignes Isachsen

f. 1984, Finnøy
Organisasjonssjef



Rita Leinan

f. 1960, Haugesund
Kontorkonsulent



Svein Ingve Nødland

f. 1955, Dirdal
Seniorforskar



Beate Steinsvik Jansen

f. 1994, Stavanger
Student



Geir Dale

f. 1951, Skudeneshavn
Pensjonist



Laila Bergo

f. 1971, Sola
Førstekonsulent



Atle Blomgren

f. 1970, Stavanger
Seniorforskar



Aleksander Jørgen Roscins

f. 1996, Stavanger
Student

Open folkekyrkje

Open folkekyrkje vil at Den norske kyrkja skal utviklast vidare som ei open og demokratisk folkekyrkje.

Open folkekyrkje vil arbeide for ei kyrkje som er open for alle, som fremjar menneskeverdet og som arbeider mot diskriminering.

«Heilage rom – for alminnelege liv». Me vil arbeida for at den kjærleiken Jesus

